

ute som inne. Smia var tømra med nokre få kledningsbord på sidene. Det var eit framskot på over ein meter over inngangen til smia. – slik det også var på badstova i Nordgarden.(Teikning s. 59) Framskotet på taket på framsida av smia gjorde dette til ein grei plass å stå, om ein ville utføre eit arbeid ute i friluft, t.d. arbeide med å sko hesten.

STADNAMN PÅ FERDSELSVEGAR I HEIA, VESTOVER FRÅ VRÅLSTAD

Olav Aslakson Vrålstad fortel i 1977: Frå Vrålstad gjekk det ferdelsvegar til Nedre Skjeggedal og Hesskleiv, til Øvre Skjeggedal og Tveitlid og til Jordalsbø i Bygland, både sør for Eksæ og om Stedjan – der vegen frå Vrålstad møter den gamle Arendalsvegen til setesdølane, som kjem frå Jordalsbø og går over heia til Dale i Tovdal. Byglandsstølen Stedjan er staden der dei to vegane møtest.

Til Nedre Skjeggedal gjekk ein opp Nedre og Øvre Stutebiten, til Klomremyrane. Så bar det opp til Hovdestøy. Der gjekk du på sørsida av Hovdestøyhovden til du kom til Veirstøy, der det ein gong var støl øvst i Kjellhommen. Veirstøy blei nedlagt som støl på grunn av all bjørnen, som heldt til der. Så går du ned Kjellhommen, der det brukar å vere så mykje elg.(Her blei det ein gong sett 25 elgar i ein flokk i elgjakta !) I Kjellhommen skal det vere ein del sjeldne planter. Knut Austenå gjekk alltid den vegen når han heldt skule på Skjeggedal, både om hausten på tånanen (berr mark) og på ski om vinteren. (Tormod Skjeggedal på Tveit har samla mange sjeldne planter her).

Til Øvre Skjeggedal gjekk ein over Nordjordet i Nordgarden og tok av vestover først når ein kom opp til bru over Skarsåna. Så gjekk ein opp Vrålstadkleivane til ein grusmorene i vegen som heiter Geitryggen. Der delte vegane seg. Skulle du til Øvre Skjeggedal tok du opp Vrålstadlia til venstre her. Så fylgte du stien til du kom til Liestøylbekken og Skjevreistjørn, som ligg nedanfor dei gamle Liestøylane. Då hadde du Søgards Liestøy oppe i lia på høgre side og Nordgards Liestøy lenger inne.

Til Jordalsbø: Du fylgjer først vegen frå Vrålstad til Geitryggen i Vrålstadkleivane. I staden for å gå til venstre, og vidare til Øvre Skjeggedal, når du kjem til Geitryggen, tek du til høgre. Der går ein veg til Nedre Kvifoss og vidare til Øvre Kvifoss. Her delte vegen seg igjen. A. Ein veg gjekk til høgre opp det Austre Ulvildgejetet og kom ned bak Rennedritdalen til Gamleøygard under Søstog Austenå. Så fylgte den halvheia vestover midt oppi liene, før den gjekk ned lia til Stedjan. B. Den andre vegen gjekk framom den nye Bergelandsbua ved Bergelandstjørna og vidare gjennom det Vestre Ulvildgejetet og inn fjella og ned liene mot Byglandsstøylen Stedjan på veglina mellom Dale og Jordalsbø. Så går vegen vidare vestover på nordsida av Eksæ til Øy i Øyordalen, der byglandspresten hadde støy. Vegen går vidare ned med Jordalsvatnet til Jordalsbø og Bygland. (Frå Øy går det ein alternativ veg lenger sørover, som kjem ned dei store skogliene mot prestegarden på Bygland)

Til Tveitlid: Frå Vrålstad, opp Vrålstadkleivane til Geitryggen og vidare mot Liestøy. Ved Tellef Ramses hytte tek ein i skrå opp lia mot Håvardkjerr. Ein går framom Kronehytta som var ei jordgamme, som ligg oppå heia, rett før Liestøyltjørna. I Svortufskrona må ein kome austover på slette berga. Der er det varda med ein mindre stein oppå ein større. Vardinga er svært dårleg, men den kjem att (merkeleg nok) aust for Igletjørn og er godt varda eit stykke rett opp rindane. Der er det eit brurele med ca. 25 – 30 stein ute ved Fuglen. Det er vanskeleg å finne vegen vidare utover. Ein veg kjem ned aust for Tveitlid, ein annan nord for Tveitlid. Kanskje går der veg ned til Granli også ? men det veit eg ikkje sikkert. Det kunne bare sjå slik ut. Der er eit merkeleg vegdele på Fuglen, kanskje er der ein offerstein der, etter at ein først har passert eit bogestille. Me

gjekk opp frå Liestøyl og opp Steivordalen. Til slutt kom me langt ned i enden av Mjåvatn – i staden for å kome rett på Mjåvassdalen.

Den gamle Arendalsvegen som setesdølane brukte

Mellan Dale i Tovdal og Jordalsbø i Bygland

(Modernisering av dr. Yngvar Nilsens Nedenes Amt, Haandbog for reisende 1891, s. 60 – s. 62)

Frå Austenå går det ein tarveleg veg opp til Dale over Toskåna. Den går bratt oppover og rett nordover til Jamvåg, som er det høgaste punktet mellom Austenå og Dale. Så går det nedover lia til eit nokså flatt terren, før ein kjem til garden Der Heime på Dale. På vegen passerer ein ei stor flyttblokk som har fått namnet Deknestenen. Tovdalselva renn der sakte under heia på vestsida av dalen. Husmannsplassen Hommen låg ovanfor vegen, på høgre side. Der er tuftene framleis godt synlege. Etter ein times gange frå Austenå finn ein her dei to Dalegardane som ligg fint til her i ei dalgryte.

Frå den øvre garden, Der Nord på Dale, blir det fortalt at ein kan gå ein time nordover langsmed Tovdalselva, så får ein sjå den vakre Rjukanfossen. Men fjellvegen til Jordalsbø i Setesdal går i staden rett vestover. Her går vegen over elva (på to bruar), ei på kvar side av ein holme midt i elva. Rett imot har ein den bratte fjellsida som ein må stige opp, og her ser ein korleis stien buktar seg oppover.

På høgre side reiser det seg eit høgt fjell som heiter Nova. På sørsida av stien er det eit stort fjellmassiv som heiter Svåbassen som er 841 meter på det høgaste. Mellom dei to toppane renn ei fossande elv som blir kalla Kvinnåna. Ein må vasste over denne på sletta under. Vegen svingar seg så frå venstre side og meir oppunder Nova. Etter ein halv times oppstiging kjem ein opp i høgda, der det er flatare.

Ein vassar over Kvinnåna ved utløpet av Den Heimste Kleivtjørna og går over myrane på venstre side av tjørna. Så kjem ein til ein markert sti og må gå opp den bratte lia som heiter Bogebrota. Når ein komen eit godt stykke oppe i Bogebrøta, kan ein sjå begge Kleivtjørnane, både Heimstetjørn og Instetjørn. Etter kvart får ein ein fin utsikt over dalar og heliar. Når ein kjem opp i høgda, går ein gjennom eit lite skar.

Frå toppen av dette skaret held ein seg i dal botnen og inn mot fjellet, for å kome utanom myrane. På toppen av skaret er eit tjern. Når ein kjem framom dette, får ein fritt utsyn over Setesdalens heiari og vatn. Vegen begynner nå å gå nedover. På venstre side kjem ein til ei tjørn, og bak denne tjørna lig Eksævatnet. Vegen går etter ei flat strekning bort til ein støyl med nokre tarvelege bygningar som heiter Stedjan. Frå Dale til Stedjan brukar ein tre timer.

Vidare går vegen med Nævertjørn på venstre side over ein rygg, for så å gå noko lågare ned i terrenget. Her er det godt vegsynt over alt. Vegen går ut til den vestlege enden av Eksævatnet, og med elva på venstre side går ein nedover ein liten dal til den neste stølen som blir kalla Øyårdalen. Der er det ytterst tarveleg. Det er tre kvarter å gå mellom Stedjan og Øyårdalen. Stien går til å begynne med nedover på høgre side av elva ned til ein annan støyl. Noko lengre nede kan ein på venstre side av elva sjå ein støyl som heiter Prestøygård eller bare Øy.

På Øy går stien over på venstre side av elva.

10 – 15 lass på heia under krigen, for han hadde større buskap enn han hadde gjeve opp til nazistyret. Det kunne vere sau eller kalv.

Tjovsteinane på vegen Tveit - Hesskleiv

Tellef Hillestad fortel i 1979: Frå gammalt av går det ein veg frå Tveit, over Kjellhommen og til Hesskleiv. Langt inni Kjellhommen er ei urd med store steinar. Der låg det ein gong nokre fantar som for rundt i bygda og plyndra og stal. Men då dei skjønha at folk var ute etter dei, for å ta dei, fann dei ei urd vest for Høgeli og Skjeggedal, som dei flytta til ei tid. Så for dei att og fram mellom desse to stadene.

Ei jente blei sendt frå Kjellhommen til Hillestad for å få mat. Då sveik ho gubbane. Jenta hadde eit barn med ein av dei. Denne gongen hadde ho fått med seg nokre erter, og ho rapa litt erter hist og her, så folk kunne gå tilbake og finne göymestaden der fantane heldt til. Og seinare fann folk dei i Kjellhommen.

For å berge sitt liv, då folk begynte å gå med børser mot urda, heldt fantane jenta med ungen i fanget føre seg. Då var det verre å kome fantane inn på livet. Men folk gav seg ikkje, og etter ei tid blei fantane slått i hel. Så blei det setta opp tre steinar på staden der dei blei drepne, og desse steinane blei sidan kalla Tjovsteinane.

I ei myr vestafor Mågestøyltjørnene, inne i eit dalsøkk, på det høgaste, før nedstiginga, og midt føre Arvetjørn, står tre steinar i ei lita myr. Der, og på venstre side av vegen, står Tjovsteinane. (Ein må først gå opp dalen og deretter svinge til venstre).

Tjovsteinane står i ein firkant med ca. 4 meter mellom kvar av dei. Dei er ca. 40 – 50 cm høge og er noko ulike på breidda. Eg trur dei kan variere frå 10 – 15 cm til 60 cm breie. Folke Røyneland var med på turen. Han minnest kanskje betre korleis Tjovsteinane var.

Folke Røyneland fortel i 1979: Eg meiner at Tjovsteinane er firkanta, ca. 25 cm x 25 cm. Dei er like tjukke heile vegen, og dei spissar ikkje. Enda trur eg det må vere nokolunde vegsynt på den gamle vegen mellom Tveit og Hesskleiv, som dei brukte den gongen. Eg har gått den vegen gjennom Kjellhommen mange gonger seinare.

Stadnamn på den gamle Arendalsvegen Dale - Jordalsbø

Knut Mjåland fortel :

Dale – to bruer over elva. Så sørvestover – over Kleivebekken og bortover til venstre, mot Kleiva

Kleiva – her går den gamle vegen gjennom ein skråbakke i ca. 45 – 60 grader nordover til høgre til stien krysser Kleivebekken igjen. (Lenger nord og til høgre går ein ny traktorveg opp til Kleivetjørnene)

Heimstetjørn – til venstre for denne ei lang strekning bortover, før vegen tek oppover ei bratt lid

Bråta – ein bratt plass der dei kanskje bråta tømmer nedover, før dei tok det igjen med hest

Øvre Bogebråta – noko lenger oppe i det bratte lendet. Her har dei kanskje også brota tømmer

Austmannsjørna ligg under nedstiginga på andre sida

Stedjan er ein støyl under Jordalsbø, som låg vakkert til, i lunt lende. Hit kjem det også veg frå Vrålstad og Austenå.

Enden av Austmannsjørna

Mellom Nevertjørn og Loppetjørn

Mæ (ved) Loppetjørn

Eksæ – den store innlandssjøen – med eit eldgamalt namn, sæ, for sjø. Oppe i Årdalen har me stadnamn av same type: Grøssæ og Ormsæ. Ramse er nok også opphavelig eit sæ-namn, Ramsæ

Ned Øyårdalen – dalen der elvane (åar) renn mot Bygland prestegards støyl på Øy. (Truleg gard her før Svartedauden)

På ytre kanten av Jordalsvatnet og heilt ned til (passerer steinalderbuplass i austenden av vatnet)

Skulefoss – der går vegen over elva. Nå er det bilveg til Jordalsbø.

Vegen Austenå – Jordalsbø – som går sør for Eksæ

Fortalt av Knut Mjåland

Frå Austenå over elva og sørover til

Skarsåna, der vegen går til høgre opp

Vrålstadkleivane

Geiteryggen – ta til høgre mot

Nedre Kvitfoss og

Øvre Kvitfoss. Over myrane og opp skaret til høgre, som heiter

Det austre Ulvildgejet. Går så noko til venstre og fylgjer dalsida vestover framom

Ned Fjellryggane

Gamløygard – der Halvorsen nå har bygd ny hytte. (Her stod Bergelandsbua tidlegare, før ho blei flytta ned til Bergelandstjørna)

Oppå Spranget. Nå er vegen steina heilt til

Krossen som er ei veldig stor grenserøys utafor Eksæ. Der byter Austenå og Vrålstad på den eine sida og Austenå – Setesdal på den andre sida. Siste Stein nede i myr i

Rusledalen, på ytre kanten (sørsida) av

Eksæ. Ein svingar seg så sør og vestover på skrå i heia ved

Langetjørn, som ligg mellom

Prestetjørn og

Langevatn, over

Riupetoheia og ned

Øyårdalen til

Bygland prestegards støyl, Øy

Nå går det bilveg frå Øy til Jordalsbø

Vegen frå Austenå i Tovdal til Mjåland i Gjøvdal

Fortalt av Knut Mjåland i 1978

Austenå - garden som ligg austanfor elva eller åa.

Austmannbakken og opp til

Røyrtjørnhommen, framom

Røyrtjørn og opp den heia. Her ligg det vegvisarar på steinane til utfallsosen av

Mjåvatten. Så svingar vegen til høgre,

Opp på Ristine. Det ligg brurele inn igjennom Ristine, heilt til enden av Mjåvatten.

Ienden av Mjåvatten går vegen opp nokre myrar . Her er vegvisarar på steinane opp til

Dei to vardane (Den eine varden er dotten ned).

På den eine Rista – ligg det også brurele. Så går vegen over innfallsosen til

Nasevatn. Vegen svingar så til høgre, og går opp

Austenåliene. Der er det vegvisarar på steinane opp gjennom lia og fram under fjellet

Nås. Der er bytet mellom Tovdal og Gjøvdal. Frå innfallsosen ved Aslak H. Brekkones bu og ut lia, er der ein stor fjellskut, og der er den gamle

Austenåhelleren. Der budde dei når dei slo. Anne Oppigard Austenå Der Nord på Dale, fortalte at dei budde der når dei slo. Ho var mor til Gunhild Mjåland. I Austenåhelleren var der plass til mange mann. Der va tørt og fint, og der var som ei stor hylle i helleren, der dei hadde senger og låg. Austenåhelleren er like stor som stova til Knut Mjåland, men den er lengre, seier Knut. Vegen går så rett framom

Galteråtjørna og

Kråketjørn, rett utanfor under ei fjellnos og over til

Bergstøyl, som var ein gamal støyl under Austegard på Mjåland i Gjøvdal. Straks austafor kjem

Nåsstøyl, så kjem ein til

Berlingdalen og

Bergstøllia rett aust. Så kjem

Kopseibrotet, før ein kjem ned på

Hågstøylsteane,

Høgli

Hågstøyl, som er ein gamal gard og ligg inn til venstre. (Den høgtliggende støylen). Rett ned ligg

Støylstjørna. Så kjem

Stortjørn (Liestøl ligg då til høgre ved Støylstjørna)

Lisletjørn (Hunsefu, Kalfu og Kruse Lars ligg då til høgre, som ryggar oppe i lia, midt for Lisletjørn. Så er der ei gruve som heiter

Ivårs gruve – der det blei teke ut litt molybden. Den blei skoten i nokre år (ca. 1913 – 1914), men ho var ikkje drivverdig. Ein Haugen frå Tveitsund dreiv her, men det var Ivar Lauvfokk som hadde skjerpet. Ivar var frå Håland i Herefoss. Så går vegen over

Fossevadet og ned

Kleivane, og ned på

Kleivvollen på

Mjåland i Gjøvdal. Her går det bru over elva

Gjøv til

Gjøvdalsvegen på andre sida.

Utsyn frå Lindeknuten på Øvre Ramse og Svåbassen på Bergelandsheia, Austenå

Lisle Olav Monen fortel i 1979: Gamle Ola Monen stod ein gong på toppen av Lindeknuten på Øvre Ramse. Der fekk han sjå ein båt som gjekk framom ein odde ute på sjøen. Lisl-Olav Monen såg ein gong sjøen frå toppen av Svåbassen. I september kan det vere så klart at det er muleg å sjå havet frå desse to stadene i Tovdal. Ein gong stod Lisle Olav Monen på Svåbassen og høyrde sirena på Flåt nikkelgruver på Evje kl. 12. Men det var bare ein gong, før 1945, då gruva blei lagt ned.

Veg frå Hagestøyl i Austenå mark, til Rukkevatn i Rukkedalen

Oppigards ~~mark~~

Nord ~~mark~~ (Etter utskiftinga i 1934 – 1935 hører alt til Oppigard på Austenå)

Surteviks ~~mark~~

Surtevika over og framom

Surtevika ned

Surtevika øg

Surtevika opp til (Surtevika – namn i tilknyting til jernbrenning)

Surtevika der Ola Oppigard har bu. Lenger er der ikkje veg.

Frå Storbekklis støyl - i sørrenden av Nesvatn i Gjøvdal

Storbekklis støyl går det ein veg ned til

Gjøvdalen. Frå

Gjøvdalen (som er lite kjent) veg ned til

Eseha som ligg uti enden av

Nesvatn – som er det store oppdemde vatnet øvst i

Gjøvdal

Dårleg veg til Feltedalsrista

Knut Mjåland fortel: Det ligg lyng butt i butt heile denne vegen. Eg veit ikkje om likkviler eller brurele på den vegen, men der var nokre vegvisarar av og til. Den vegen var ikke så oppmerka som til Setesdal eller til Gjøvdal. Vegen går nesten bare i jord, myr og fjellbakkar. Bare over sjølve Feltedalsrista er det bart fjell. Kanskje det kan finnast brurele her ?

Gapestokk med runer, ved gravplassen i Birtedalen

Ved garden Berge i Nedre Birtedalen er der ein runestein. Før oppdemminga stod den rett nede ved vatnet. Der var både kyrkjegard og kyrkje og gapestokk. Alt var synleg. Men ein del av området blei demt ned under oppdemminga av Nesvatn. Då flytta dei gapestokken opp til vegen. Nå står den nedanfor vegen, i nærleiken av der vegen som går opp til Berge. Runene står på sjølve gapestokken. Før det kom gravplass her, heiter det seg at dei gjekk til Tovdal kyrkje med lika, for å gravlegge dei der. Då rodde dei først ut Nesvatn og setta bårene i enden av vatnet. Den stranda i Nesvatn heiter Tovdalsstranda.

Veg frå Nesvatn i Gjøvdal til Austenå i Tovdal:

Tovdalsstranda. – i enden av Nesvatn. Frå denne gjekk dei inn

Feltedalen, over

Feltedalsrista, ned til

Rosenhol, over ved

Den slette myra. Kom ned til

Kråkevatn, for over til utfallsosen av

Rukkevatn, over til

Storbekklis støyl – som ligg i lia aust for

Litjørn, over med

Litjørn, opp framom

Svanetjørn (som nå er Tovdals mark) og over med

Øyvatn. Vegen gjekk ned frå nordkanten av

Øyvatn og ned til

Hagestøyl, gjekk framom austsida av

Hagestøyltjørna og ned

Husmannsdalen til

Toskestøyl, ned

Kleivane, framom

Geitryggen, framom

Fugleliane og ned til

Austenå, på nordsida av

Toskåna og ned på ytre kanten av

Langebakk, over brua, då er du på

Austenå

+

Kommentarer til høyringsutkastet til kulturminneplan for Åmli kommune.

Arbeidsgruppa som har utarbeidd høyringsutkastet, har nedlagt mykje arbeid.

Eg har nokre kommentarer og viser til sidetalet i høyringsutkastet som eg fekk elektronisk.

1) Gamle ferdelsvegar:

Epestøyl, som fram til begynnelsen av 1950-talet høynde til Gjøvdal kommune, hadde ikkje bilveg. Den blei bygd i 1950-talet, og Epestøyl blei overført etter eige ynskje, til Telemark fylke (Nissedal kommune).

Eg har gamalt kart som viser ferdelsvegen frå Harstveit (Mosvald) og Åmland til Epestøyl., og vidare til Nybu og vidare til Haugsjå og Tjønnefoss. (Nissedal kommune). Kartet viser også ein annan ferdelsveg frå Epestøyl til Drangstveit (Fyresdal kommune).

På kartet er også merka av fleire andre ferdelsvegar i Gjøvdal, og nokre i Tovdal.

Ø. Ramse – Åbog – Sinevatn - Landsverk (evt. Åbog – Skurvestøyl – Tjønnestveit) - Harstveit (Mosvald) var og gamal ferdelsveg. **Høyringsutkast, s. 15**

Tiltak: Kartet, evt. referansen kan fås.

Gamle kulturminne:

Åmland 22/8 (Der Oppe) og 22/7 (Der Sør) hadde både sag og kvern nedanfor Lisletjørn (Stemmetjørn). **Høyringsutkast s. 36** Det blei bygd ein stem som kun dei to gardane kunne bruke til saga og kverna.

Det gamle våningshuset til 22/8 som stod nær våningshuset til Der Nord (22!/1), blei seld, og er nå våningshus i Kleivane. (Eigar: Marion Valle)

Nye materialer til våningshus og driftsbygning blei skore på den saga i 1870-talet. Husa blei flytta opp til der dei står i dag, og det gamle stolpehuset blei også flytta.

Då eg gjekk på skule på Mosvald (1957-58), viste lærar Eivind Årli oss dei steinane som etter sagnet skulle vise storleiken til Fakse Mosvald. Eg trur det var i nærleiken av garasjen til Olaf S. Moe. **Høyringsutkast s. 20**

Gjøvdal idrettslag fekk lov av Smith og Thommasen til å opparbeide idrettsplass i 1920-åra. Far min var med på opparbeidinga, men han nemnde ingen ting om gravhaug. Det var vanleg furuskog der. **Høyringsutkast s. 19**

Eg har hørt at der skal vera ein gammal runestein på Mosvald. Denne syntes vegvoktar Salve Sundstøyl passa bra til å reparere ei bru med på fylkesvegen. Det blei vistnok leita litt etter den i 1960-talet. Dette er opplysning eg har fått frå Kåre Lunden. **Dette er ikkje nemnt i høyringsutkastet.**

Så vidt eg kjenner til, blei ingen arkeolog kontakta. På Mosvald er også to andre stikkrenner aktuelle: 1) Stikkrenne ved gamle Mosvald skule, og stikkrenne ved Selås. (Åmlandsvegen var fylkesveg i sommarhalvåret).

Eg vil foreslå at alle tre stikkrennene blir undersøkt med arkeolog tilstede. Dette er sjølv sagt eit økonomisk valg.

Mosvald, gammal tingstad?

I Norges Begyggelse, austre del, s. 354, har Eivind Årli skrive at Mosvald var ein gammal tingstad. Han nemner at det er dokument med avskrift av domar avsagde ved Mosvald ting.

Tiltak:

- 1) Undersøke/kartlegge om steinane etter Fakse Mosvald eksisterer.
- 2) Iverksette arkeologisk undersøking angåande evt. runestein.
- 3) Undersøke om det er avsagt domar på Mosvald tingrett.

Støylar/setrarar:

Eivind Årli noterte i 1937 ned navn på sætrar m.m. på eit skjema om «Sætrar under gardar i Gjøvdal herad». (Seterbruket). Han skriv at i Gjøvdal blei sætrane kalla støylar. I Norges bebyggelse s. 356-357 skriv han at dei blei brukta til heieslått.

Han skil ikkje mellom sætrar som bare hadde slåttebu, og sætrar som både hadde slåttebu og «sitebu». Det var ikkje uvanleg for onnefolket å overnatte i slåttebu. Det var far min som sette opp «sitebu» på Åmland, 22/8 i slutten i 1930-talet ved Måvatn.. (Sitebua, Libua, var det gamle kvernhuset som 23/4 hadde på Harstveit)

Skurvestøy som hørde til Harstveit, 23/4, (Der Nede), hadde både «sitebu» og slåttebu. Der var også fleire andre høybuer på den garden.

Eg kjenner best til Åmlandsgrenda der eg er fødd og oppvaksen. Viser til side 2 og 3 i ovanfornemde skriv, «Sætrar under gardar i Gjøvdal herad». (Seterbruket). og vil kommentere skrivet angåande Åmland.

Åmland, 22/1, (Der Nord) hadde slåttebu på Måvasstøy, og på Standsbakken, (ikkje Sollid).

Måvasstøy ligg på 22/11 (Døindedalsstykket) som blei utskilt frå 22/7 i 1944, og selt.

Åmland, 22/2, (Hagen), hadde slåttebu i Kleppskard. (ikkje nær Måvasstøy der Angrim Støylen tidlegare eigar av 22/2, bygde hytte i begynnelsen av 1970-talet).

Åmland, 22/7 (Der Sør), hadde ikkje slåttebu etter det eg kjenner til på austheia. Dei hadde mykje dyrka mark, så behovet for heislått var kanskje lite. Men dei hadde slåttemark i Uvdalen, og dermed ikkje usannsynleg at dei også hadde slåttebu der. Evt. restar etter slåttebu der, har eg ikkje sett Dei haddederimot høybu i Rassen.

.Åmland, 22/8 (Der Oppe), (ikkje nemt i skjemaet) hadde slåttebu på Sollid, ved Libua, og i Uvdalen, (Røykstoga var felles skogskoie for 22/1 og 22/8).

Slåttemark til dei forskjellige gardane, er beskrive i utskiftingssprotokollen for Åmland. (Utskiftinga på Åmland var frå 1887-1890). **Høyringsutkast, s. 49, (Der er feil i Seterlistene).** Foreldra mine slo på heia, ved Libua, dei siste åra under krigen. Dette var så vidt eg kjenner til, siste gong det blei slått på heia på Åmland. Etter krigen, blei det slutt på heislåtten Den blei ansett som verdilaus. Dei fleste av høybuene er i dag nedrotna, men nokre stader kan ein framleis sjå merke etter slipesteinar.

Tiltak:

Rette opp feil angåande støylar på Åmland

Harstveit den 22.04.2020

Hallvard Harstveit

19/07/26

Til kulturkontoret i Åmli kommune

v/ kulturkonsulent Tonje Ramse Trædal

Gata 5,

4865 Åmli

Kommentarar til Kulturminneplan for Åmli

1.Underteikna har prøvd å rekonstruere dei eldgamle handelsvegane for spesielt jern, frå Setesdal til Fjære – og seinare driftevegane for m.a. slakteveg frå store beiteområde frå Åseral og Setesdal til «Åndalen». Her skal eg bare ta med den eldste vegen, som gjeld jerntransporten.

Tidlegare hadde Oddmund Mogstad fått greie på at setesdølane i eldre tid kalla vegen austover frå Evje for «Kongevegen». Han såg då bort frå at vegen om Klepsland og Vatne i Mykland var datert til +- år 1200, og at me først fekk futedøme og futar på 1400-talet. Han rekna då med at det var den seinare Futevegen over Vegusdal og Herefoss som var blitt kalla Kongevegen. Han var også inne på tanken om at den eldste vegen bare skulle gå så langt nord, for å kome utanom Vågsdalsfjorden.

Lenge trudde også eg på den teorien. Men det var to ting som ikkje stemte. Dersom Kongevegen skulle brukast til jerntransport, var kavlebruvegen på Klepsland svært viktig. Her bygde ein slik at ikkje tunglasta hestar, med store jernkløver, skulle sokke seg ned i myrlendet. Og så skulle vegen gå vidare om dei store jernbrennarområda i Vatnedalen og kring Homstølvatnet i Mykland. Den skulle også fange opp jernvinna i Skjeggedalsvassdraget og seinare samordnast med jerntransporten frå Bås og ned Tovdalsvassdraget.

Også i Mykland og Åmli hadde dei ei vegline som kom att ved Koppsåna og Bås, som dei kalla Futevegen. Eg har ikkje hatt høve til å gå denne vegen vestover. Men ved å studere gamle kart skjøna eg at det er den gamle «Kongevegen» som kjem frå Åseral og Evje – nord om Himmelsyna og kjem att ved vadepllassen over Tovdalselva på Bås. Men noko prov på det hadde eg sjølv sagt ikkje, før eg fann nokre viktige stadnamn som ikkje lenger står på nye kart: JERNHYLEN, JERNHYLFJELLET og JERNHYLMLYHRA. Truleg heiter den fine helleren i same området for JERNHYLHELLEREN.

Med desse namna skjøna eg at eg var på rett veg. Her hadde dei kome vestafrå med tunge jernkløver på hestane. Og spesielt i den første tida, i Folkevandringstida, men også seinare, kunne ei slik handelsvare lett bli røva frå dei. Men la dei jernkløvene i jernhylen med natta og heldt vakt på Jernhylfjellet, så var det ingen som kunne sjå at her var noko å røve. Ein kunne også legge litt jern ned på jernhylmyra for å avleie merksemda. Og frå nå av vil eg gje vegen tilbake det namnet den hadde før: Kongevegen

Den aller første tida kunne dei elles bu i den fine helleren ved Koppsåna. Me det tok nok ikkje lang tid før garden Bås kunne skaffe overnatting for både folk og hestar. Bås blei ein sentral stad. Her blei det halde bygdeting langt framover i tid, og litt i utkanten var Skeidmo – der det kvar haust blei halde hesteskeid. Og under hesteskeidet var der marknadsdagar, der det vanlegvis kom folk langvegs frå. Dette var opphavet til dagens Dølemomarknader. (Også «Jernbonden» på Vrålstad hadde sin skeidmo på Austenåmonen, i passe avstand frå garden sin på andre sida av elva..Kjempehaugen hans

ligg nokre hundre meter nordafor husa i Nordgarden og mellom den nye og den gamle vegen. Sjå elles Nedenessagn om gjevdølen som drap ein mann på Hillestad på skeidplassen på Monen. Hesthaugen er svingen mellom husa til Einar Austenå og Monen).

2. Eit stadnamn på fossen mellom Åpål og Bås, indikerer sterkt transport av jernmalm nedover elva. Namnet er VARPEFOSS. Dette namnet finn eg ein parallell til i Otra mellom Byglandsfjord og hovdinggarden på Evje (som nå er prestegard). Dette er VARPESTRAUM. Begge desse namna fortel at her har dei transportert noko som er frykteleg tungt og har lite volum. Og det kan bare vere JERN.

Ein båt med tungt jernlass kan du svært ofte manøvrere gjennom ein straum eller ein foss. Men du kvar deg veldig med å gjere det, når du veit at du må dra båtane oppover stryket/fossen att etterpå. I Hornnes er det elles eit anna ord som indikerer slik tungtransport framom Syrtveitfossane, og det er gardsnamnet Moseid. Eit eid er alltid ein stad der dei trekker båtar. Her har dei brukt hestar, trælar eller frie menn. Og strekninga gjennom eidet på Moseid blei truleg temmeleg lang.

Andre kulturminne langs Kongevegen, i nærleken av Koppsåna er Vorehei, vad over Koppsåna og vad over Tovdalselva. Og namn som Kråkehei skal ha tilknyting til jernbrenning. Det har ikkje noko med fuglen å gjøre.

3. Vegen vidare mot handelssenteret i Fjære: På båt frå Bås og vidare nedover til Svenes og Hauland. Så med kløyhestar ned til Træ i Froland (Nå Frolands Verk). Så nedover vassvegen til Vikkilen ved Grimstad og over til handelssenteret i Fjære. (Sjå bygdebøker frå Fjære)

KONKLUSJON: KULTURMINNET KOPPSÅNA MÅ UTVIDAST

Samanheng: Senter for jerntransporten frå nord og vest, tingplass, hesteskeid/marknad

Jernhovdingen på Vrålstad i Tovdal hadde også sitt hesteskeid på Monen på Austenå. Sjå Nedenessagn.

4. Sager i Tovdal: Søgardssaga på Vrålstad i Bjørndalsbekken – bare spor?

Nordgardssaga i Sagbekken. Spor

Saga Der Nord på Dale. Stod på austsida av elveløpet. Nyleg riven ned og fjerna. Fleire bilete.

Saga Der Heime på Dale må også ha stått i hovudelva. Men lenge har dzet stått elektrisk driven sag i Hommen. Står utan vedlikehald og forfell.

Nordstogsaga på Austenå stod i Toskåna på Austenå, m.a. ovanfor og sør for vegen opp til Dale. Stod tidlegare sør for veg til Dale. Tredje plassering elektrisk og under Rotten. Fjerna og erstatta med eit verkstadbygg.

5. Sommarfjos. Nordgarden Vrålstad mellom bygdevegen og steingjerdet. Nå bare restar. Foto.

Søgard hadde sommarfjoset lenger sør.

Kvernhus på Austenå stod i Kvinnåna, der minikraftverket er i dag. Men det var likevel Nordgasrdan på Vrålstad som hadde Kvernhusrett der minikraftverket er i dag. Så kom Nordstog deretter dei andre gardane på Austenå. Oppigard Austenå hadde sitt øvst. Det er det einaste som står att. Men

Nordstog hadde eigen kvernrett under Staddaren – i Storelva, som kjem ned frå Dale. Søgard på Vrålstad hadde kvernhus i tilknyting til saga i Bjørndalsbekken. Der Heime på Dale hadde kvernhuset sitt i Kvennebekken som kjem ned frå Kleivetjørnane. Det blei teken ned for mange år sidan og står i dag på eigedomen til Finn Klemmetsen på Loddesøl. Men det er ikkje setta opp i nokon bekk, som kvernhus. I Aslefoss på Ramse stod det tidlegare to kvernhus, eit for kvar av bruka på Ytre Ramse. Eit av dei står att. Det andre er flytta langt inn i Ramseskog på veg mot Tjarandlia. Der står det på nordsida av bilvegen og er godt teke vare på. Men heller ikkje det står i nokon bekk. Dette burde ha blitt flytta tilbake til Aslefoss og fått vassrassenner..

6. Stølar Vrålstad: Hovdestøy mellom Hovden og nedre Hovdestøyltjørna, samanbygde stølsbuer for Midtgarden mot aust og Nordgarden på baksida, mot vest.

Liestøy – Nordgardens Liestøy lengst mot vest. Har ikkje vore bu der sidan 1800-talet. Liestøy var gard før svartedauden, og truleg arbeidde bonden på Liestøy det store jernvinneanlegget i Teråsen. På Nordgardens Liestøy var der fleire små gravhaugar av same slag som på Ånebjørsvollen.. Bonden i Nordigard på Ytre Ramse nekta folk å grave dei opp. Det er grunn til å tru at Liestøy har vore ein gard før svartedauden. Ei segn er knytta til Liestøy. Futen i Tveitlid kom for å krevje inn skatten av Steivor. Men Steivor ville ikkje betale, og så drap han futen og grov han ned på Liestøy. Dalen rett ovanfor Nordgardens Liestøy heiter Steivordalen.

Søggards Liestøy lengst mot aust. Her stod bua i skråbakke på høge honnsteinar og tømra grisefjos under. Sinder og tømd kolgrop i nærleiken. Stor jernvinnepllass i Teråsen, lenger mot søraust. Bua stod ca. 1950.

Lauvbukkleiva – opphavleg Øvre Skjeggedal. Seld til Nere Ramse for ei utmagra ku, som hadde mjølkefeber. Lagt under Nordgarden på Vrålstad. Har stått fleire buer her. Ein grøderik oase i heia. Nede på steane, ved bekken ned til tjørna, stod ei av dei største buene i heile heia fint plassert på eit flatt fjell. Nå bare restar. Lauvbutjørna hadde den raudaste og finaste fisken i heiane. Men truleg døydde denne stamma ut på 1970-talet.

Husmannsplassen Krona under Nordgarden Vrålstad hadde eiga slåttemark med jordgamme.Kroneslätta. Dette var truleg den einaste jordgamma i Tovdal.

Ånebjør: Der heime på Dale hadde den gamle Ånebjørgarden. Nåverande stølsbu blei bygd i 1910 av Gunnar G. Monen d.e.. Dei tre øvste stokkane er av tømmer frå dei gamle gardshusa, som stod litt lenger sør i vollen. Tidlegare var der fleire andre bygningar på Ånebjør. Der var eit gravfelt med små graver nordafor nåverande eldbu. Dei blei gravne opp før 2. verdskrigen. Ikke funne gravgods.

To av husmennene hadde kvar sine slåtter og bu på austsida av det gamle elvelaupet. I jernalderen har truleg bonden på Ånebjør drsive med jernvinne på begge sider av elva.Hommen hadde ei bu der dei koka ute og låg inne. Kjempe Jo blei fødd i den bua. Slik var det også ei bu til husmannsplassen Bakkane som låg under Der Heime fram til utskiftinga. Det var Jens si bu. Husmennene slo litt her og litt der på austsida. Sjå sagn om Ånebjørgarden i Nedenessagn av Johan Voll.

Steingjerde: Toskestøy under Austenå. Dyrka mark på den eine sida. Kanskje ei rekke attgravne dyregraver langsetter morenen lenger sør.

Doble stolpehus: Der Heime på Dale. Eg setta på ny kledning, men det fleire teikn på tømmerstokkane under kledningen som minner om runer. Der er x før og etter det som er skriva. Finst ikkje rotne stokkar i tømra under kledningen. Dette stolpehuset burde også ha blitt freda.

Hjortedyra som blei mest totalt utrydda. Tidlegare leverte Indre Agder horn til Fjære. Desse blei handla vidare til m.a. Orkenøyane. Der hadde dei stor produksjon av lusekammar, som dei selde til Europa, og hornkammar blei godt betalt. Så lenge Romerriket varte, hadde kvar soldat ein sanitærung med ein eller fleire hornkammar. Fleire soldatar mista livet i pest enn dei som mista livet i krigshandlingar.

Spesiell fuglebiotop: Rjukanlia. Stien fra Dale til Årdalen – som går på austsida, går rett gjennom denne. Dette er like etter at fjellpartiet er forsert. Uvanleg mange småfuglarter på eit avgrensa område.

Spesiell mårbiotop: Mårhellone – sør for Mofjell og austover husa til Einar Austenå. Her blei mårfanga med fallpinne under flate steinheller. Truleg ligg det slike fallpinnar der framleis.

Spesiell gaupebiotop: Langeton i Hommen (grensa mellom Austenå og Hillestad)

Bjørnehie – der siste bjørnen blei skoten i Tovdal: Lengst vest i Elgdalen. Bjørnehie i kanten av Torridalsmyrane. Der var eit bjørnehie i heia ovanfor Halvfartjørna, halvvegs mellom Skjeggedal og Austenå. Så heiter det Bjørnehololet uti enden av Vrålstadvatnet, der den gamle tovdalsvegen måtte opp i lia for å kome utanom fjellskjeringa ved Staurshyl.

Krigen: Homdrom blei funnen oppe i slåttemarka til Viestøyl – nordaust for stølsbua på Viestøyl. Nuten er minst 1 km lengre nord. Det var folka Der Nord på Dale som fann han.

Så legg eg ved svært nøyaktige opplysningar om gamle ferdelsvegar som Knut Mjåland fortalte meg då eg intervjuja han. Han var så kjend i heiane fordi han arbeidde som kjentmann for jegerar frå byen i fleire år. Eg er så dårleg med kart at eg må diverre be andre teikne inn dei aktuelle rutene.

Dette i all hast.

Helsing


Sigmund Myren
Fjell Ungn 20

4735 Eij

3 VEDLEGG

U. Varnefors - teknisk av veiplan

12



1. Jernhøyden, fjernsyn og vann (kostn) i fjernsynet min

